

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: KMD

**Fra:
MS**

**Dato:
10.12.14**

Kommune:	Fyresdal
Prosjektnavn:	Heim=Fyresdal
Prosjektleder:	Faun Naturforvaltning AS v/Monica Sølyst
Leder i styringsgruppen:	Erik Skjervagen
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Lene Hennum, Telemark Fylkeskommune
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe x b) Forankring i befolkningen x c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt x
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Hovedprosjekt:</p> <p>Resultatmål – Oppretthalde og auke innbyggjartalet, for å trygge offentlege og private tilbod, ved å styrke bli-lyst og bulyst for både noverande innbyggjarar og tilflyttarar, særleg barnefamiljar.</p> <p>Effektmål – År 2016-1360 innbygg/År 2018-1380 innbygg/År 2020-1400 innbygg.</p> <p>Folketalet i Fyresdal har gått ned så langt i prosjektperioden. Ved prosjektstart hadde Fyresdal 1344 innbyggjarar, i dag er talet nede på 1293, ein nedgang på 51 personar. Fyresdal har hatt ei innflytting på 55 personar i 2014 (høgaste prosentvise innflytting i Vest-Telemark). Urovekkande nok har vi 56 utflyttingar hittil i år og det er nest høgast utflytting i Vest-Telemark. Vi undersøker nå litt nærare kva regionar folk flytter vidare til. Vi mistenker at hovudgrunnen til vidareflytting er arbeid, men vil sjå nærare på dette.</p> <p>Delprosjekta Folkestadbyen, Aktiv i Fyresdal, Hamaren Aktivitetspark og Ungdom tar ansvar er i god rute. Prosjekta syner god måloppnåing. Hamaren Aktivitetspark ligg noko bak tidsskjema og ventar framleis på fullfinansiering (Spelemidlar og andre stiftingar), men prosjektet forventas å vere ferdig innan tidsramma til hovudprosjektet. Referanseprosjektet "Næringshagemiljø" er i godt driv. Næringshagen</p>

	<p>er nå ferdig bygd og har 41 arbeidsplassar. Byggetrinn 2 diskutert. Prosjektet "Attraktive bumiljø" er i oppstartsfasen, organisasjonsmessig, men tiltak som leilighetsbygg i sentrum, prøvebustad og regulering av sentrumsnære tomter er gjennomført.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>Målgruppene er definert slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Potensielle tilflyttarar • Eigne innbyggjarar (barn/unge, utsette grupper, barnefamiliar) • Brukarar av handels- og servicetilbud i Fyresdal (inkl hytteeigarar) • Utviklarar av næringsliv (verksemder) <p>Effekt av prosjektet:</p> <p>Hovudprosjektet når i stor grad ut til potensielle innbyggjarar, både igjennom direkte janmleg kontakt, gjennom media og kommunens kommunikasjonskanalar.</p> <p>Delprosjekta når dei ulike andre målgruppene og i mange tilfelle er delar av målgruppene representerte i prosjektgruppene til delprosjekta.</p> <p>Barn/unge, utsette grupper og barnefamiliar når vi direkte gjennom særleg Aktiv i Fyresdal (inkludering av barn og unge i fritidsmiljøet), Ungdom tar ansvar (ungdommen er sjølv med på å bestemme og legge til rette for aktivitetar for eldre ungdom) og Hamaren Aktivitetspark (lågterskel friluftstilbud for barnefamiliar, eldre og idrettsutøvarar)</p> <p>Alle verksemdene i Folkestadbyen sit i prosjektgruppa og er sjø med på å forme utviklinga i handlegata. Prosjektet har kontakta alle hytteeigarar i kommunen gjennom spørjeskjema og dei som ynskjer det blir fylgd opp.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p>Hovudprosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 16 personar i «prosjektet» har flytt heim • 11 personar blitt verande (kjøpt hus, fått jobb og lignende) • 15 personar vurderar heimflytting innan 2-3 år <p>Folkestadbyen:</p> <p>Det blei laga ein handlingsplan med langsiktige og kortsiktige tiltak. Gjennomførte tiltak utifrå handlingsplanen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nye ljosrekkjer og meir joletrebelysning til jolegata. • Sesongdekor jolenissar og snømenner laga av borna på Gimle skule. • Sommardekor er i gang. • Nye gjennomsiktige pleksiglas til alle lyktene. • Nye blomsterkasser er bestilt. • Velkomstskilt langs hovedvegen, informasjonsskilt i sentrum, banner til ulike arrangement er under planlegging. • Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant hytteeigarar. Det kom inn 247 svar av 1027 utsende brev. Svara blir eit nyttig verktøy til gjennomføring av fleire tiltak , særleg marknadsføring av Folkestadbyen. • Skiskytingas Dag i sentrum (rulleskirenn og løp for alle) • Fordelskort for Lokalkjøpte Jolegåver! Ny ordning med premiering av lokal handel.

	<ul style="list-style-type: none"> • Nye Vegvesen skilt langs Riksvegen • Nye vegvisarskilt i sentrum (smidd av lokal smed) • Plakater • Direkte marknadsføring mot hytteeigarar <p>Aktiv i Fyresdal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Motivasjonsmøte arrangert 15 oktober med konsulent fra Troms Idrettslag. Mange lag møtte. • Fadderordningar under planlegging. Samarbeid med Røde Kors • Arbeidast med ordningar for inkludering og integrering innan dei friviljuge laga • Arbeider med ein velkomstfolder med informasjon og DVD med informasjon for ikkje norsk språklege. DVD er ferdig. • Aktiv Ungdom – 2 jenter har vært på leiarkurs. Blir Ungdomsidrettsskule. • Tre nye jenter gjennomførte sommaraktivitetar for 3-6 klasse born. 30 born deltok gjennom heile veka. • Insentivordning for laga, satse på inkluderingsarbeid. <p>Hamaren Aktivitetspark:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Områdeplan laga av AT Plan • Forvaltningsplan laga av Fyresdal kommune • 3D skisser er under arbeid • Idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning ok, Spelemiddelsøknad sendt • Det jobbast med anbudsdokument • Det jobbast med fullfinansiering <p>Ungdom tar ansvar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppretta Facebookside, 90 medlemmar i målgruppa • Etablert samarbeid med RC klubben om kjøring på nyoppussa RC bane, kjøpt inn to lånebilal slik at køyring er for alle • Konsertar under planlegging • Gjennomført Ungdomsquiz • Gjennomført Drive-in kino. 300 betalande! • Undersøkingar gjennomført ang kjøp av mobil scene. Fekk 130 000 av Sparebankstiftinga, scene er bestilt. <p>Attraktive Bumiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leilighetsbygg i sentrum oppført av lokal aktør, 7 stk, 4 solgt • Kommunen har kjøpt prøvebustad • Gjennomført seminar med Fylkeskommunen, Distriktsenteret, Husbanken, kommunestyret, lokale entreprenørar og relevant kommune administrasjon.
<p>Vurdering av framdrift i forhold</p>	<p>a) Følger opprinnelig plan x (nokre delprosjekt er litt forsinka, men prosjektet som heilhet går etter planen)</p>

til opprinnelig plan	<ul style="list-style-type: none"> b) Forsinket pga. c) Det er foretatt følgende justering
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<ul style="list-style-type: none"> a) Helt lokal effekt x b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	<p>Heim=Fyresdal er organisert på ein ny som har gitt ein god arbeidsform i prosjektet.</p> <p>Hovudprosjektleiari står for prosessleiing og støttar delprosjektleiariar med prosjektleiarkunnskap, søknadsskriving, rapportering og kommunikasjon. På denne måten kan delprosjektleiariane bruke sin fagkompetanse fullt ut og unngår mykje administrasjonstid. Alle gjer det dei er gode på og ressursane blir nytta fullt ut.</p> <p>Prosjektet brukar PLP metoden, både i hovudprosjektet, men og i delprosjekta. Styringsgruppa fungerer som styringsgruppe for alle delprosjekt, men kvart delprosjekt har egne prosjektgrupper med ressurspersonar. I tillegg har vi jamnlege prosjektleiarmøter der vi informerar kvarandre om prosjektstatus, økonomi og høve til samarbeid på tvers av delprosjekta. Prosjektet blir godt forankra i lokalsamfunnet gjennom dei ulike gruppene og samarbeidet mellom prosjekt og ulike lag og organisasjonar.</p> <p>Arbeidsmetoden i prosjektet har blitt referert til som "Fyresdalsmetoden".</p>
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	<p>Arbeidsmetoden vår har gode resultat organisasjonsmessig og kan ha overføringsverdi til andre større stadsutviklingsprosjekt.</p> <p>Dersom metoden vår med direktekontakt med utflytta fyresdølar viser seg å bli vellykka, kan metoden overførast til andre rekrutteringsprosjekt.</p> <p>Delprosjekt Aktiv i Fyresdal har fått mykje merksemd og har blitt presentert på fleire arenaer innan idretten. Ideen med aktiv hjelp til integrering og inkludering inn i særleg idrettsmiljøa i kommunen, der idretten sjølv tar mykje ansvar kan , dersom vellukka, overførast til andre lokalsamfunn.</p>
Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet	<p>Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Deltek på "Prosjektinner i Telemark" samlinger • Deltek på Telemark Fylkeskommunes Bolyst og Stedsutviklingsseminarer • Vest-Telemark konferansen i Vrådal • Turveg samlinger
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	Sjå vedlegg 1.

<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen x b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser x c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer x d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) Styrke regionale sentra h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? x i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? x
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Både hovudprosjektet og dei ulike delprosjekta har som mål å skape varige funksjonar anten innan lag og organisasjonar eller innan kommuneadministrasjonen. Det blir laga rutinar for</p> <ul style="list-style-type: none"> • velkomstfolder og oppfølging av tilflyttarar • Integrering og inkludering i laga under Fyresdal Idrettsråd • Kommunikasjon mellom hytteeigarar og Folkestadbyen • Vedlikehaldsfordeling mellom kommune og lag i Hamaren • Faste aktivitetar for eldre ungdommar – ansvarspersonar for ulike aktivitetar • Informasjonsflyt mellom tilflyttaroppfølging og næringsshagen i forhold til rekrutteringsløysingar